

Sone 1	Sone 2
<i>Følgjer sameinte regionale råd – i tillegg til nasjonale råd</i>	<i>Følgjer nasjonale råd</i>
Bamble	Drangedal
Færder	Fyresdal
Holmestrand	Hjartdal
Horten	Kragerø
Larvik	Kviteseid
Porsgrunn	Midt- Telemark
Sandefjord	Nissedal
Siljan	Nome
Skien	Notodden
Tønsberg	Seljord
	Tinn
	Tokke
	Vinje

Soneinndelinga er gjort på bakgrunn av den noverande smittesituasjonen, innbyggjartal (*), interkommunalt samarbeid og mobilitet over kommunegrensar til/frå sone 1.

SAMEINTE REGIONALE RÅD	Sone 1	Sone 2
Kommunen anbefaler stans i breiddeidrett for vaksne. Dette inkluderer organisert trening, stemne, cup, turnering og kamp.	Gjeld	Følgjer nasjonale råd
Kommunen opprettheld moglegheitene for organisert trening i breiddeidretten for born og unge under 20 år. Kommunen tilrår at det ikkje vert gjennomført stemne, cup, turnering eller kamp på tvers av kommunegrenser.	Gjeld	Følgjer nasjonale råd
Kommunen anbefaler bruk av munnbind på stader det ikkje er mogleg å halde éin meter avstand. Til dømes i kollektivtrafikken og på kjøpesenter.	Gjeld	Følgjer nasjonale råd
Kommunen anbefaler at dei som kan, jobbar heimanfrå. Dette gjeld òg dei som bur i andre kommunar, men som har arbeidsstad i kommunen. Bruk av heimekontor skal så langt mogleg ikkje gå ut over tenester til born og unge.	Gjeld	Følgjer nasjonale råd
Kommunen anbefaler befolkninga å unngå bruk av kollektivtrafikk, særleg på tidspunkt der mange reiser.	Gjeld	Følgjer nasjonale råd
Om du blir sjuk mens du oppheld deg på fritidsbustad anbefaler kommunen at du fortrinnsvis tek kontakt med/oppsøker helsetenester i din eigen bustadkommune, om det kan gjerast på ein forsvarleg måte.	Gjeld	Gjeld
AVTALTE REGIONALE RÅD FOR PENDLING TIL OG FRÅ OSLO	Sone 1	Sone 2
Innbyggjarar i fylket blir rådde til å unngå kollektivtransport til og frå Oslo. Om ein må reise til eller frå Oslo vert bruk av munnbind anbefalt der ein ikkje kan halde 1 meter avstand. Dei som har arbeidsplass i Oslo, eller som pendlar gjennom Oslo, blir oppmoda til å bruke heimekontor.	Gjeld	Gjeld